



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 1.11.2019

Fræna kommune

TURSTI VIKAN – SANDSTØLEN - LANGLIVEGEN .

Viser til samtale med Ragnhild Elin Aas om saka, seinast 1.11.2019.

Saka kom opp ved at Naturvernforbundet såg verksemd i myra nær Langlivegen tidlegare i sommar. Det viser seg at det er eit turstiprosjekt som har fått tippemiddel, men som ikkje har vore innom byggesakshandsaming. Dermed finst det ikkje noka vurdering etter naturmangfaldlova slik regelverket for tippemiddel blir praktisert for tida.

Sidan det er natur i området, meiner Naturvernforbundet at tiltaket må vurderast. Ein del av turstien er alt bygd, så det vil ikkje kunne bli heilt ordinær handsaming, men det er viktig å få gjort nokre vurderingar for det som står att og elles knytt til det som alt er gjort.

Vi er kjent med at systemet kring tippemiddelsøknadene for folkehelseprosjekt har den svakheita at det ganske ofte ikkje blir noka vurdering etter naturmangfaldlova ettersom Kulturdepartementet har, ved avgjerd av klagesak, konkludert med at dette skal gjerast i samband med byggesakshandsaminga. Når kommunane fort vekk ikkje byggesakshandsamar slike saker, blir det ikkje noko av. Til Fylkeskommunen, kommunane og Kulturdepartementet blir samde om ein metode som gjer at slike saker alltid blir vurdert etter naturmangfaldlova, kjem Naturvernforbundet til å stresse kommunane med dette.


Vi har sjølv gått gjennom ein del av kunnskapsgrunnlaget for dette området. Området består av myr av fleire ulike typar. Det finst både nedbørsmyrtypar og jordvassmyrtypar, i tillegg til kystlynghei, i hovudsak. Det har vore kartlegging i sommar i området, så ytterlegare kunnskap om dette finst.

Artskart for området har vi sett på. Vedlagt følgjer ei artsliste frå dei aller næraste areala til stien, mellom Sundedalen i nordvest og Langlivegen i søraust. Influensområdet er nok litt større og for fugl vesentleg større. Artslista slik ho føreligg fortel om eit område som kan vere noko spesielt.

Når ein går gjennom artslista, ser ein at det finst ein del artar som fortel om rik og ekstremrik myr og semi-naturleg eng. Dette er såpass spesielt at det må klarleggast litt rundt desse førekomstane.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreogromsdal@naturvernforbundet.no – Org. Nr. 871367132 -
internett www.naturvernforbundet.no/mr



Nedre gul stiplede del er om lag frå starten ved Langlivegen og så langt stien er bygd pr. 1.11.2019. Ganske grovt innlagt, men venteleg nøyaktig nok til å kunne bli vurdert. Den øvre heiltrekte streken er traktorvegen som kjem frå Vikan og ender opp ved Sandstølen. Den raude stiplelina er ein mogleg trase på den delen som ikkje er bygd til no.

Vi trur det er tenleg å dele opp stiprojektet i tre parsellar når det gjeld vurdering av naturmangfald.

Strekning 1 – gul stipling frå Langlivegen

Nærast Langlivegen er det kartlagd ei sørleg nedbørsmyr. Denne er raudlista som nær truga (NT). Vidare finst terrengdekkande myr (Sårbar – VU). Kystlynghei er vurdert som sterkt truga (EN). Stien er lagt på myr og kjem knapt borti kystlynghei. I den grad kystlynghei blir påverka, er dette

lokalitetar som ikkje når opp i kvalitet til å vere utvald naturtype.

Når det gjeld fugl sin bruk av dette området, trur vi dette området er meir ordinært som følgje av at det er skogkrullar rundt om langs stien.

Terrenginngrepet er alt gjort. I utgangspunktet bør ein samanlikne tiltaket med korleis det var før noko blei gjort. Sidan tiltaket kan reverserast, men ikkje utan spor, vel vi å samanlikna med korleis det kan bli viss ein no skal fjerne stien. Då trur vi at stien kan bli liggande.

Strekning 2 – raud stipling midt på

Traseen er her lagt så langt sør og aust som råd, for å lage størst mogleg avstand mot opne myrparti sør og aust for Marittjønna. Det vil la seg gjere å utføre mesteparten av stien her som klopping med plankar, der det ikkje er nake fjell og fast grunn. Berre i oppstiginga frå parsell 1 er det bruk for planering med grus. Det bør difor vere mogleg å unngå påverking av vasstraumen i myrsiga.

Ein stor del av strekninga går på kystlynghei, men kvaliteten er for låg til at det er ein verdi som gir utvald naturtype.

Den sterkaste påverkinga dette tiltaket vil gje på denne strekninga er venteleg at det vil bli auka ferdsel i området. Ved tilrettelegging kan ein rekne med at ferdselen vil gå langs stien, då myra i området er ganske blaut. Det er ein naturtypelokalitet mot Marittjønna. Stitraseen held seg utanfor den lokaliteten.

Ved synfaringa 1.11. var det omtala å kunne tilrettelegge for å bruke den store knausen nord for traseen som tilrettelagd utsiktspunkt. Det vil i så fall auke påverkinga av fugleliv mot Marittjønna.

Vi vurderer det slik at omsynet til fuglelivet kring Marittjønna kan vere avgjerande for denne delen av stien. Vi meiner at inngrepet bør gjerast minst mogleg, og at ein har god kontroll med den trafikken som blir. Om dette er tilstrekkeleg er vi usikker på. Dette må ein få undersøkt og vurdert nærare.


Strekning 3 – eksisterande veg frå Sandstølen mot Vikan

Langs denne parsellen er det to naturtypelokalitetar påvist frå før. For naturbeitemarka på baa sider av vegen finn ein følgjande råd: *«Ingen nye fysiske inngrep bør forekoma i og inntil lokaliteten. Dette gjeld sjølv enkel opprusting av den eksisterande vegen. Ein bør også vera varsam med inngrep i nærområdet, m.a. for å unngå næringstilsig. Eit ekstensivt beite hadde vore sterkt ønskelig, da området no gror langsamt att og taper gradvis verdi. Tidlegare inngrep har ført til at denne attgroinga går raskere enn det som ville ha vore naturleg, og alle nye inngrep kan lett føra til ytterlegare forverring av situasjonen.»*

For bekkelokaliteten lenger nordvest står dette: *«Det beste for naturverdiane er at spesielt bekken, men også nærliggjande deler av nedbørfeltet, vert generelt spart for påverknad. Både jordbruksdrift og skogbruksdrift vert vurdert som negative, med unntak av forsiktig uttak av enkelttre og ekstensivt beite. Særleg det siste vil vera positivt. Tilslamming av bekken, forureining eller nedbygging er eksempel på svært negative tiltak.»*

Ved gjennomgang av funna i området, og det som står om naturtypelokalitetane, ser det ikkje ut til å vere andre alternativ. Vegen og sidekantane har verdiar som blir påverka om ein ruster opp vegen.

Sidan det alt er turkasse på Sandstølen, er det vel truleg at det alt er ein god del trafikk til fots her. Såleis er det kan hende ikkje sannsynleg at trafikken til fots vil auke så mykje. Transportverksemd i samband med bygging av turstien vil derimot vere ei endring. Utan ei nærare vurdering av dette, bør ein ikkje transportere noko langs denne vegen anna enn når marka er godt frose.



Frå Naturbase.

Lokaliteten nede til høgre er Sandstølen: Marittjønna, intakte lavlandsmyrer, verdi C.

Den smale lokaliteten øvst til venstre er Sandstølen nord, viktig bekkedrag, verdi B.

Den vesle lokaliteten på midten er lokaliteten Sandstølen, naturbeitemark, verdi A.

Det er generelt ei ulagleg årstid for å kartlegge natur. Geir Gaarder i Miljøfaglig Utredning AS, har kartlagt både naturtypene tidlegare og heile området no i år, og er vel den som kan ha kjennskap til området i såpass stor grad at det kan gi grunnlag for ei vurdering etter naturmangfaldlova på denne årstida. Viss ikkje må ein rekne med å vente til sommaren. Til ei slik vurdering er gjort, bør ein ikkje gjere anna arbeid på stien enn litt attståande finpuss mellom sti og myr på strekninga som alt er utført.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi: Forum for natur og friluftsliv

Artsliste frå Artskart, snevert influensområde:

Vitenskapelig navn	Norsk navn	Kategori
Carex capillaris	Hårstarr	LC
Linum catharticum	Vill-lin	LC
Eleocharis quinqueflora	Småshivaks	LC
Pinus mugo	Buskfuru	SE
Botrychium lunaria	Marinøkkel	LC
Equisetum scirpoides	Dvergsnelle	LC
Galium boreale	Hvitmaure	LC
Knautia arvensis	Rødknapp	LC
Lotus corniculatus	Tiriltunge	LC
Bartsia alpina	Svarttopp	LC
Tringa totanus	Rødstilk	LC
Carex hostiana	Engstarr	LC
Saussurea alpina	Fjelltistel	LC
Gymnadenia conopsea	Brudespore	LC
Bistorta vivipara	Harerug	LC
Pluvialis apricaria	Heilo	LC
Potentilla anserina anserina	Gåsemure	LC
Calidris alpina schinzii	Myrsnipe - underart	NE
Pimpinella saxifraga	Gjeldkarve	LC
Picea sitchensis	Sitkagran	SE
Picea xlutzii	Lutzgran	SE
Helictotrichon pubescens	Dunhavre	LC
Carex lasiocarpa	Trådstarr	LC
Galium verum	Gulmaure	LC
Pyrola rotundifolia rotundifolia	Legevintergrønn	LC
Tringa glareola	Grønnstilk	LC
Tofieldia pusilla	Bjørnebrodd	LC
Sagina subulata	Sylsmåarve	LC
Carex livida	Blystarr	LC